

8 Datagrunnlag for samisk statistikk

Tilrådingar baserte på artiklar i *Samiske tall forteller 1–8*

Jon Todal, leiar av «Fagleg analysegruppe for samisk statistikk»

Samandrag

Det mest brukte kunnskapsgrunnlaget for artiklar i publikasjonen Samiske tall forteller har til no vore statistikkar baserte på data frå det vi har kalla STN-området. Desse geografisk baserte statistikkane har gjeve mykje ny kunnskap om samiske samfunn. På ein del samfunnsområde ville ein etnisk basert statistikk ha gjeve meir relevant kunnskap enn ein geografisk basert, men i Noreg har ein ikkje datagrunnlag som kan brukast til å laga statistikk basert på etnisitet. Artikkelen rår til at Statistisk sentralbyrå held fram med å produsere samisk statistikk basert på data frå STN-området. Vidare rår artikkelen til at det blir sett i gang eit utgreiingsarbeid for korleis ein metodisk best kan kartlegge den samisktalande folkesetnaden i Noreg. På ein del samiske samfunnsområde manglar det statistikk. Her må det vurderast kva som i framtida er mogleg å skaffe fram av data .

«Fagleg analysegruppe for samisk statistikk» har avslutta sin andre fireårige oppnemningsperiode, og gruppa har stått bak utgjeving av i alt åtte rapportar med fagartiklar, Samiske tall forteller 1–8. På grunnlag av tilgjengeleg statistikk har artikkelforfattarane kommentert og analysert endringar i samiske samfunn. Mange av forfattarane i Samiske tall forteller har òg kommentert og vurdert det datagrunnlaget som dei byggjer artikkelane sine på, og oppsummeringa i denne artikkelen baserer seg på dei forfattarkommentarane og vurderingane.

8.1 To typar data

Første artikkelen i *Samiske tall forteller 1* handla spesielt om datagrunnlaget for samisk statistikk. Paul Inge Severeide peika i den artikkelen på to moglege typar av data for slik statistikk: geografisk baserte og etnisk baserte data.

Statistisk sentralbyrå har geografisk baserte data for dei tradisjonelle samiske busetjingsområda. Men i Noreg finst det ikkje noko samisk etnisk register som kan brukast til å laga individbasert samisk statistikk.

Severeide drøftar i artikkelen sin kvar ein likevel kan finne individbaserte samiske data, og korleis ein på grunnlag av desse eventuelt kunne etablere det han kallar ein «statistisk samisk populasjon» for slik å laga statistikk som gjeld samane som etnisk gruppe i Noreg. Dette kjem vi tilbake til.

Frå 2006 har Statistisk sentralbyrå annakvart år gjeve ut ei bok kalla *Samisk statistikk*. Til denne boka arbeider SSB ut statistikkar på grunnlag av data som dei har frå det såkalla STN-området. STN-området er eit geografisk område sett saman av kommunar og delar av kommunar der Sametinget yter økonomisk støtte til næringsverksemd.¹ Dette området femner om tradisjonelle samiske busetjingsområde nord for Saltfjellet, og ein reknar med at ein stor del av samane i Noreg bur her.

Severeide peikar i artikkelen sin på at ein viss del av samane i Noreg bur utanfor STN- området, og desse kjem difor ikkje med i ein slik samisk statistikk. Innanfor STN-området bur det i tillegg til samar ei viss mengde etniske nordmenn og innvandraranar, og desse nordmennene og innvandraranane blir med i den samiske statistikken som baserer seg på STN. Kor «forstyrrende» desse sidene ved den geografisk baserte statistikken er, er avhengig av kva samisk tema ein ønskjer å analysere.

8.2 Demografiske data om samane

Samiske tall forteller har hatt i alt fem artiklar om folketalsendringar i dei samiske busetjingsområda.

Svanhild Andersen og Torunn Pettersen gjekk i 2008 gjennom folketalsutvikling i STN-området (på den tida kalla SUF-området²) over tid. Andersen og Pettersen karakteriserte folketalsendringane innanfor dette området som «katastrofale». Samstundes var det skilnader innanfor området – folketalsendringane var ikkje like negative overalt. Ei statistikk-tilråding frå dei to forfattarane gjekk difor ut på at ein bør gå djupare ned i detaljane i statistikkane, for slik å kunna seia meir om grunnane til variasjonane.³ Tilrådinga deira gjekk altså på meir aktiv bruk av allereie eksisterande statistikk, dei gjorde ikkje framlegg om innhenting av andre data. Ein demografisk artikkel av Øivind Rustad i 2010 viste mellom anna korleis folketalsnedgangen i STN-området heldt fram. Denne artikkelen inneheldt ingen statistikkfaglege tilrådingar.⁴ Dei tre demografiske fagartiklane i rapporten *Samiske tall forteller* for 2012 inneheldt heller ingen tilrådingar som gjekk spesielt på å hente inn eit anna slags datagrunnlag for å utarbeide annan slags statistikk⁵.

På grunnlag av dette kan vi seia at dei som i *Samiske tall forteller* har skrive om demografi i dei tradisjonelle samiske busetjingsområda, langt på veg har sett på den eksisterande statistikken med data frå STN-området som eit godt grunnlag for analysar, samstundes som dei har vore klar over veikskapane ved statistikken, veikskapar som Paul Inge Severeide peika på allereie i *Samiske tall forteller 1* (sjå ovanfor).

¹ Forkortinga STN står for «Sametingets tilskotsordning for næringsutvikling».

² SUF var forkorting for dåverande Samisk utviklingsfond.

³ Andersen, Svanhild, og Pettersen, Torunn (2008). Befolkningsutvikling i samiske bosettingsområder – sentralisering og stabilitet. I *Samiske tall forteller 1*.

⁴ Rustad, Øivind (2010). Befolkningsutvikling i STN-området 1990–2010. I *Samiske tall forteller 3*.

⁵ Broderstad, Ann Ragnhild, og Sørli, Kjetil (2012). Bo- og flyttetrender i norsk-samiske kommuner gjennom 40 år i relasjon til sysselsetting. I *Samiske tall forteller 5*.

Pettersen, Torunn (2012). Samane i Norge 40 000 i 40 år? I *Samiske tall forteller 5*.

Severeide, Paul Inge (2012). Stor befolkningsvekst, men hvordan fordeler den seg? I *Samiske tall forteller 5*.

8.3 Datagrunnlag for kunnskap om helse blant samar

Rapportane i 2009, 2010 og 2015 inneheldt alle artiklar om helse.⁶ Dei to første artiklane var skrivne av Magritt Brustad, den siste (frå 2015) var skriven av Magritt Brustad og Torhild Lauritsen i lag. Artikkelen i 2015 handla om tannhelse. I denne siste artikkelen kom ikkje dei to forfattarane inn på særlege statistiske utfordringar.

Mangelen på informasjon om etnisiteten til kvart enkelt individ kan gjera det vanskeleg å laga treffsikre ordningar innanfor det offentlege. Brustad kom inn på dette temaet i 2010, i artikkelen som handla om uføretrygd og sosialhjelp. Her skreiv ho mellom anna: «For å kunne beskrive årsakssammenhenger mellom ulike levekår og livsforhold og uføretrygd og sosialhjelp i den samiske befolkningen er det nødvendig med studier hvor etnisitetsinformasjon på individnivå inngår.» Slik informasjon finst i utgangspunktet ikkje.

Det er likevel gjort fleire store helseundersøkingar der ein har prøvd å kartlegge samanheng mellom helse og samisk etnisitet, og Magritt Brustad sin artikkel frå 2009 var ei kunnskapsoppsummering bygd på slike helseundersøkingar. Datagrunnlaget var då opplysningar gjevne av dei som deltok i undersøkingane. Deltakarane hadde òg gjeve opplysningar om eigen etnisitet.

Brustad hadde ikkje noka direkte tilråding i samband med datagrunnlaget i framtida, men i artikkelen gjorde ho greie for korleis «same» var *definert* i dei ulike undersøkingane. Det finst ikkje nokon «autorisert» definisjon på nemninga «same». Men statistikk treng kategoriar, og kategorisering må nødvendigvis gjerast på grunnlag av definisjonar.

Her er vi ved eit samisk statistikkproblem. Dersom kvar einskild datainnhenting har sin eigen definisjon av kategoriane, blir det vanskeleg å samanlikne resultatane.

8.4 Datagrunnlag for kunnskap om næringer i tradisjonelle samiske område

Svanhild Andersen skreiv i 2009 ein artikkel om primærnæringane i dei tradisjonelle samiske områda.⁷ Ho bygde på Statistisk sentralbyrå sine data frå STN-området, og her var datagrunnlaget godt når ein heldt seg til kvar enkelt næring innanfor området.

Det er ikkje slik at alle sysselsette i det aktuelle området arbeider innanfor berre éi næring. Kombinasjon av ulike næringer har lang tradisjon i samiske samfunn. Andersen peika i artikkelen sin på at det trongst meir kunnskap om denne sida ved næringslivet i dei samiske områda.

Den etniske dimensjonen er allereie drøfta i kapitla som handlar om demografi og helse ovanfor, og det som står der om mangelen på etnisk basert statistikk, gjeld næringsstatistikken òg. Ein kan her stille spørsmål om kva som gjev det beste biletet av samiske samfunn, er det tal for endringar i næringslivet innanfor dei tradisjonelle samiske bygdene, eller er det opplysningar om næringsutøvarane sin etniske bakgrunn? Svaret på spørsmålet er kanskje at artiklar som kunne bygge på begge typane data, ville ha gjeve det beste biletet.

⁶ Brustad, Magritt (2010). Uføretrygd og sosialhjelp. I *Samiske tall forteller 3*.

Brustad, Magritt (2009). Helse i samisk befolkning – en kunnskapsoppsummering av publiserte resultater fra befolkningsundersøkelser i Norge. I *Samiske tall forteller 2*.

Brustad, Magritt, og Lauritsen, Torill (2015). Tannhelse i samisk befolkning i Finnmark. I *Samiske tall forteller 8*.

⁷ Andersen, Svanhild (2009). Primærnæringene reindrift jordbruk og fiske. I *Samiske tall forteller 2*.

I *Samiske tall forteller* frå 2014 var næring hovudtema, og fire artiklar handla her om dette temaet.⁸ Else Grete Broderstad og Einar Eythórson skreiv om fiskeri og Jan Åge Riseth om reindrift. Sigrid Skålnes analyserte næringsutvikling innanfor STN-området på 2000-talet, og Gunnar Claus analyserte sysselsettingsstatistikken for STN-området.

Som ein mangel ved statistikken peika artikkelforfattarane på at ein veit for lite om dei som korkje var sysselsette eller studerte. Desse fall utanom statistikkane. Ein veit òg for lite om personar med korttidsopphald i landet. Denne siste gruppa er viktig i næringslivet i dei samiske områda i dag. Forfattarane etterlyste òg kunnskap om kor det vart av dei personane som gjekk ut av næringar som var i sterk tilbakegang.

Forfattarar av næringslivsartiklane i rapporten frå 2014 etterlyste dessutan, slik Svanhild Andersen gjorde i 2009, meir kunnskap om jobb-kombinasjonar og deltidsarbeid.

Bortsett frå artikkelen om reindrift handla alle næringslivsartiklane om bestemte geografiske område i nord. Reindriften blir driven i ein større del av landet, og for denne næringa blir det arbeidd ut omfemnande statistikk som gjeld heile Noreg. Sidan det er heilt klårt kva del av næringa som blir driven av samar, og kva del som blir driven av norske tamreinlag, har vi her ein etnisk basert næringsstatistikk. Forfattaren gjorde då òg ei samanlikning mellom samisk reindrift og norske tamreinlag.

8.5 Datagrunnlaget for kunnskap om samiske språk i samfunnet

Seks av dei åtte utkomne rapportane av *Samiske tall forteller* inneheldt artiklar som følgde utviklinga i val av samisk som opplæringspråk i skulen og val av samisk som skulefag. Berre rapportane i 2013 og 2014 var utan ein slik artikkel. I 2015 var Torkel Rasmussen forfattar av artikkelen om språkval i skulen, elles vart desse artiklane skrivne av Jon Todal.⁹

For samisk i grunnskulen finst det statistikk for kor mange som frå år til år vel samisk som førstespråk og samisk som andrespråk. Desse tala blir kvart år presenterte av GSI (Grunnskolen informasjonssystem). Dermed er det lett å følgje med på kva endringar som skjer.

Dei tilgjengelege statistikkane synte òg korleis elevane fordelte seg på dei tre samiske språka som det blir undervist i her til lands. Ein kunne dessutan sjå korleis elevane fordelte seg geografisk, i prinsippet ned på skulekrinsnivå, sjølv om drøftingane i *Samiske tall forteller* aldri har vore så detaljerte at dei gått til dette nivået.

Kvaliteten på samiskopplæringa er vanskeleg å kvantifisere. Det kunne likevel ha vore nyttig å vita meir enn berre at det blir undervist i samisk på første- og andrespråksnivå. For kvaliteten

⁸ Broderstad, Else Grete, og Eythórson (2014). Hva skjer med fiskeriene i de sjøsamiske fjordene? I *Samiske tall forteller* 7.

Claus, Gunnar (2014). Sysselsetting i STN-området. I *Samiske tall forteller* 7.

Riseth, Jan Åge (2014). Ei bærekraftig reindrift? I *Samiske tall forteller* 7.

Skålnes, Sigrid (2014). Næringsutvikling innanfor STN-området på 2000-talet. I *Samiske tall forteller* 7.

⁹ Rasmussen, Torkel (2015). Samisk språk i grunnskolen og videregående opplæring. I *Samiske tall forteller* 8.

Todal Jon (2013). Kvantitative endringar i den samiske språksituasjonen i Noreg. I *Samiske tall forteller* 6.

Todal, Jon (2008). Samisk språk i grunnskolen – jevn vekst og brått fall. I *Samiske tall forteller* 1.

Todal, Jon (2009). Samisk språk i barnehage og skule. I *Samiske tall forteller* 2.

Todal, Jon (2010). Samisk språk i barnehage og skule. I *Samiske tall forteller* 3.

Todal, Jon (2011) Alvorleg nedgang for faget samisk som andrespråk. I *Samiske tall forteller* 4.

Todal, Jon (2012). Samisk språk i barnehage og skule 2011/12. I *Samiske tall forteller* 5.

på samiskopplæringa er det til dømes avgjerande kor mange timar skulane tilbyr undervisning på samisk utanfor undervisningstimane i samisk. Slike data manglar vi. Vi veit heller ikkje noko om kor mykje av samiskundervisninga som blir lagd utanfor ordinær skuletid. Dette tilhøvet har innverknad på elevane sine haldningar til faget.

Kaisa Rautio Helander og Yngve Johansen hadde i *Samiske tall forteller 6* ein artikkel om samiske stadnamn på offentlege vegskilt innanfor forvaltningsområdet for samisk språk. Her finst det ein offisiell språkpolitikk med vedtekne lover og forskrifter som stat, fylke og kommune skal følgje. Artikkelen synte at lovene i mange tilfelle ikkje var følgde, og viste vidare at det mangla statistikk for implementering av vedteken språkpolitikk. Forfattarane måtte sjølve samle inn data og setta opp den statistikken som trongst, for å kunna seia noko om implementeringa av stadnamnlova på vegskilt.

Tore Johnsen hadde i *Samiske tall forteller 2015* ein artikkel om samisk språk i Den norske kyrkja. Kyrkja har sjølv laga statistikk om bruken av samisk i arbeidet sitt. Så lenge kyrkja er ein del av staten, er ho pålagt å bruke samisk etter samelova. Når kyrkje og stat snart skil lag, vil denne plikta falle bort. Sidan den norske kyrkja står så sterkt i samiske miljø, er det ønskjeleg at kyrkja held fram med å bruke samisk, og at ho held fram med å laga statistikk som kan fortelja om eventuelle endringar i bruken av språket.¹⁰

Dei andre artiklane om språk i *Samiske tall forteller* har i liten grad tilrådingar til sjølve statistikkgrunnlaget.¹¹ Men det blir peika på at det trengst ein statistikk som kan overvake bruken av samisk språk i offentleg forvaltning, og at vi veit lite om overføring av samisk språk i heimane.¹² Den sistnemnde statistikken er det ei stor utfordring å få til å laga, den førstnemnde skulle vera enkel.

8.6 Skule, høgre utdanning og forskning

Ut over dei skulerelaterte artiklane som allereie er nemnde (det vil seia artiklar om språket i grunnskulen), har *Samiske tall forteller* hatt åtte artiklar som gjekk på skule, høgre utdanning og forskning¹³.

Til fem av desse åtte artiklane har forfattarane sjølve samla inn data frå ulike kjelder for å kunna setja opp statistikk. Dette gjeld på desse områda: doktorgradsproduksjon med samiske tema (Else Grete Broderstad 2011), vaksenopplæring i samisk språk (Lene Antonsen 2015), studiepoengproduksjon i samisk (Kevin Johansen 2013), fjernundervisning i samisk språk (Kevin Johansen 2015), og samiske forskingsprosjekt (Kari Morthensen 2015).

I artikkelen om vaksenopplæring i samiske språk i 2015 etterlyste forfattaren, Lene Antonsen, dessutan ein samla statistikk for *ressursbruken* til slik undervisning.

¹⁰ Johnsen, Tore (2015). Samisk språk i Den norske kirke. I *Samiske tall forteller 8*.

¹¹ Antonsen, Lene (2015). Språksentrenes voksenopplæring. I *Samiske tall forteller 8*.

Rasmussen, Torkel (2013). Sametingets midler til samiske språk. I *Samiske tall forteller 6*.

Todal Jon (2013). Kvantitative endringar i den samiske språksituasjonen i Noreg. I *Samiske tall forteller 6*.

¹² *Samiske tall forteller 6*.

¹³ Granseth, Tom (2015). Gjennomstrømning i videregående opplæring. I *Samiske tall forteller 8*.

Johansen, Kevin (2015). Samisk fjernundervisning. I *Samiske tall forteller 8*.

Johansen, Yngve (2008). Utdanningsnivå i SUF-området – økende kjønnsforskjeller. I *Samiske tall forteller 1*.

Johansen, Yngve (2009). Utdanning i SUF-området. I *Samiske tall forteller 2*.

Johansen, Yngve (2010). Utdanningsnivå og bosted. I *Samiske tall forteller 3*.

Broderstad, Ann Ragnhild, og Broderstad, Else Grete (2011). Den samiskrelaterte doktorgradsproduksjonen ved Universitetet i Tromsø. I *Samiske tall forteller 4*.

Johansen, Kevin (2013). Studiepoengproduksjonen i samisk i høgere utdanning. I *Samiske tall forteller 6*.

Morthensen, Kari (2015). Forskningsrådene – 40 år for samisk forskning. I *Samiske tall forteller 8*.

Dei tre resterande artiklane om skule handlar om utdanningsnivå blant samar, og dei er alle skrivne av Yngve Johansen.¹⁴ Johansen byggjer desse artiklane på data frå STN-området.

8.7 Politisk deltaking blant samar

Samiske tall forteller har hatt to artiklar om politisk deltaking.¹⁵ Den eine av desse to handla om valdeltaking ved sametingsval, og var skriven av Torunn Pettersen. Den andre artikkelen frå dette temaområdet var skriven av Per Selle og Kristin Strømsnes og handla om politisk deltaking blant samar. Her var det ikkje berre tale om deltaking i samepolitikken.

Grunnlaget for artikkelen om sametingsvala var data som forfattaren fekk frå Statistisk sentralbyrå og Sametinget. Om tilhøva før 2005 var det problem med å finne data som var kvalitetssikra. Tala frå denne tidlege perioden var heller ikkje tilgjengelege i elektronisk format. For data frå 2005 og utover hadde dette ordna seg.

Det seier seg sjølv at valmanntalet til Sametinget er det beste registeret som finst når ein skal laga kvantitative analysar av sametingsval.

Den andre artikkelen om politisk deltaking bygde på tre utvalsundersøkingar, Medborgerundersøkelsen, som var landsomfemnande, Borgerrolleundersøkelsen, som femnde om fem finnmarkskommunar, og Sametingsvalgundersøkelsen, som vart utført etter sametingsvalet i 2009. Deltakarane i den sistnemnde undersøkinga var trekte ut blant dei innmelde i valmanntalet for Sametinget.

Det var varierende svarprosent på desse undersøkingane, minst for Sametingsvalgundersøkelsen.

8.8 Data om samiske medium

Samiske tall forteller har hatt éin artikkel om medium. Artikkelen handla om oppslutning, omfang og rammevilkår for samiske medium og var skriven av Johan Ailo Kalstad.¹⁶ Her har forfattaren brukt årlege statistikkar frå media sjølve, brukarundersøkingar og årsrapportar frå NRK (spesielt frå NRK Sápmi) og data frå medietilsynet. Forfattaren kunne sjå funna sine i lys av Eli Skogerbø sin rapport om samiske medium frå 2000 – som mellom anna bygde på ei utvalsundersøking. Det fanst òg fleire utvalsundersøkingar som kunne brukast.

8.9 Miljø og ressursforvaltning

Om temaet miljø og ressursforvaltning i samiske område har det heller ikkje vore meir enn éin artikkel, skriven av Ole Bjørn Fossbakk.¹⁷ Forfattaren skriv langt og opplysende om datagrunnlaget og om kor tilgjengelege eller utilgjengelege dei ulike delane av det er.

¹⁴ Johansen, Yngve (2008). Utdanningsnivå i SUF-området – økende kjønnsforskjeller. I *Samiske tall forteller 1*.

Johansen, Yngve (2009). Utdanning i SUF-området. I *Samiske tall forteller 2*.

Johansen, Yngve (2010). Utdanningsnivå og bosted. I *Samiske tall forteller 3*.

¹⁵ Pettersen, Torunn (2010). Valgmanntall og valgdeltakelse ved sametingsvalgene i Norge 1989–2009. I *Samiske tall forteller 3*.

Selle, Per, og Strømsnes, Kristin (2012). Samer i parti og val. I *Samiske tall forteller 5*.

¹⁶ Kalstad, Johan Ailo (2010). Samiske medier – oppslutning, omfang og rammebetingelser. I *Samiske tall forteller 3*.

¹⁷ Fossbakk, Ole-Bjørn (2011). Miljø og ressursforvaltning i samiske områder. I *Samiske tall forteller 4*.

Rovviltforvaltninga og Finnmarkseiendommen er sentrale aktørar her. Tal for jakt og fiske er tilgjengelege hos Statistisk sentralbyrå. Forfattaren kritiserte særleg Finnmarkseiendommen for at dei gjorde tala sine unødvendig vanskeleg tilgjengelege.

I tillegg til data frå STN-området har Fossbakk òg med data frå dei sørsamiske reinbeitedistrikta. Ved å bruke data frå reinbeitedistrikt treffer ein i dette tilfellet samiske interesser godt også utanfor STN-området.

8.10 Oversiktsartiklar

Paul Inge Severeide har til rapportane skrivne tre artiklar som han har kalla «Samiske tall».¹⁸ Desse artiklane har presentert statistikkar for ei rekkje samfunnsområde. Her er kommentarane til statistikkane korte, og målet med artiklane har vore at det for lesarane skulle vera mogleg å følge endringar år for år – også på samfunnsområde som ikkje vart handsama i dei lengre artiklane.

Dei aller fleste av dei statistikkane som det her er tale om, har basert seg på Statistisk sentralbyrå sine data frå STN-området. Unntaket er reindriftsstatistikk og språkstatistikk for skulen.

8.11 Oppsummering

SSB sine tal for STN-området ser ut til å ha fungert godt som grunnlag for analyse av samiske samfunn, særleg for analyse av demografi og næringsliv. I alt 14 artiklar i rapportane *Samiske tall forteller* byggjer i vesentleg grad på SSB sine data frå STN-området. Utan slike tal ville det ha vore mykje vanskelegare å analysere endringar innanfor dei samiske samfunna i Noreg. Fagleg analysegruppe for samisk statistikk rår til at SSB held fram med å produsere denne typen statistikk.

Artiklar i *Samiske tall forteller* viser at det på ein del samiske samfunnsområde ikkje finst sentralt innsamla data. Det er grunn til å sjå nærare på kva som i framtida kan gjerast for å bøte på dette.

For å kunne analysere tema som til dømes helse blant samar og overføring av samisk språk mellom generasjonane hadde det vore ønskeleg med etnisk basert statistikk i tillegg til statistikk for det geografiske STN-området. Som vi har sett, tok Paul Inge Severeide opp dette spørsmålet allereie i den første rapporten av *Samiske tall forteller* (i 2008). Severeide drøfta då om det var mogleg å etablere ein «statistisk samisk populasjon» basert på eksisterande register slik som til dømes folketeljinga frå 1970, registeret over reindriftsutøvarar og valmanntalet for Sametinget. Etablering av ein slik samisk statistisk populasjon har vore vurdert, men vart lagt til side. Éin grunn til at forslaget vart lagt til side, var at det er for usikkert om ein med det grunnlagsmaterialet som ein hadde, ville nå alle etniske samar. Ein kom fram til at det var sannsynleg at ei større gruppe samar her ville falle utanfor. Ein annan grunn til å leggje forslaget til side var dei juridiske og personvernrettslege utfordringane som er knytte til det å etablere ein slik populasjon. Desse sidene må utgreiast nøye dersom det skulle bli aktuelt å prøve å etablere ein statistisk samisk populasjon.

¹⁸ Severeide, Paul Inge (2013, 2014 og 2015). Samiske tall. I *Samiske tall forteller* 6, 7 og 8.

Vi i fagleg analysegruppa for samisk statistikk er kjende med at det frå anna hald enn oss er teke kontakt med SSB med tanke på å få utarbeidd statistikk over brukarar av samisk språk i Noreg. Betre kunnskap om dei reelle språktilhøva vil vera nyttig for framtidig offentleg språkplanlegging. Metodane som kan brukast for å få til dette, vil langt på veg vera dei same som for å etablere ein samisk statistisk populasjon, men her vil det vera språket og ikkje etnisiteten som blir det sentrale.

Før ein kan etablere grunnlag for ein slik samisk språkstatistikk, er det nødvendig med ei grundig metodeutgreiing, og det er nødvendig med avklaring av rettslege spørsmål. Fagleg analysegruppe for samisk statistikk vil rå til at ei slik metodeutgreiing blir sett i gang, og at dei juridiske spørsmåla rundt dette blir avklara.

8.12 Tiltrådingar

Om register

- SSB bør halde fram med å produsere statistikk bygd på data frå STN-området.
- Det bør utgreiast om det ut frå eksisterande datakjelder er metodisk mogleg å etablere ein «statistisk samiskspråkleg populasjon» (altså ikkje bygd på etnisitet, men på språk). Dei juridiske sidene ved dette bør òg utgreiast.
- Dei personvernrettslege sidene ved i framtida å etablere ein eventuell «statistisk samisk populasjon» (bygd på etnisitet) bør utgreiast.

Om fast statistikk

- Det bør finnast statistikk
- som viser endringar i korleis folk i dei samiske områda kombinerer ulike næringar
- som viser kvar det blir av personar som går ut av næringar i tilbakegang
- som gjev oss meir opplysningar enn i dag om utlendingar med korttidsopphald i dei samiske områda
- som fortel kor mykje av opplæringa i grunnskulen som blir gjeven på samisk
- som fortel kor mykje av samiskundervisninga som blir gjeven utanom vanleg skuletid
- som fortel om endringar innanfor bruken av fjernundervisning i samiskopplæringa, og kva form for språkopplæring fjernundervisning blir kombinert med
- som registrerer endringar i bruk av samisk innanfor offentleg forvaltning
- som registrerer bruk av samisk i kyrkja også etter at kyrkja ikkje lenger er ein del av staten
- som kan registrere implementeringa av eksisterande lovverk, t.d. korleis stadnamnlova blir implementert på offentlege skilt
- som kan vise utviklinga innanfor samiskrelatert forskning og høgre utdanning (slik som studiepoengproduksjon, talet på doktorgradar, talet på forskingsprosjekt finansierte av Noregs forskingsråd og andre)

I tillegg til dette er det ønskjeleg at statistikk som det er stor samfunnsinteresse for, slik som til dømes statistikk for Finnmarkseiendommen, blir gjort så lett tilgjengeleg som mogleg.

Survey-undersøkingar

Det bør diskuterast om det er mogleg å komma fram til samisk(e) etnisitetsdefinisjon(ar) som i framtida kan brukast av fleire forskarar for betre å kunne samanlikne resultat av undersøkingar.